




KOMMUNEPLAN 2017-2027

Arealdelen

- føresegner og retningslinjer

Vedteke i kommunestyret, 9. august 2017



Innhald

DEL I: GENERELLE FØRESEGNAR (pbl § 11-9).....	5
Kap. 1 Rettsverknader (pbl § 11-6).....	5
§ 1.1 Jordlova	5
Kap. 2 Plankrav (pbl § 11-9 nr. 1).....	5
§ 2.1 Plankrav	5
Kap. 3 Utbyggingsavtaler (pbl § 11-9 nr. 2)	5
§ 3.1 Utbyggingsavtaler.....	5
Kap. 4 Krav til nærare gitte tekniske løysningar (pbl § 11-9 nr. 3)	6
§ 4.1 Krav til vegar	6
§ 4.2 Krav til overvasshandtering.....	6
Kap. 5 Rekkeføljekrav (pbl § 11-9 nr. 4).....	6
§ 5.1 Rekkeføljekrav i tilknytning til utbygging	6
Kap. 6 Forming-, miljø og funksjonskrav (pbl § 11-9 nr. 5).....	7
§ 6.1 Byggegrenser	7
§ 6.2 Universell utforming og krav til tilgjenge	7
§ 6.3 Leike-, ute og opphaldsareal	8
§ 6.4 Skilt og reklame	8
Kap. 7 Miljøkvalitet og estetikk (pbl § 11-9 nr. 6).....	9
§ 7.1 Støy.....	9
§ 7.2 Energi.....	10
§ 7.3 Naturlandskap og grønstruktur	10
§ 7.4 Vassdrag	10
Kap. 8 Bevaring av bygningsmiljø og kulturmiljø (pbl § 11-9 nr. 7).....	10
§ 8.1 Kulturminne.....	10
§ 8.2 Bygningsmiljø og kulturmiljø	10
DEL II: FØRESEGNAR TIL AREALFORMÅL.....	11
Kap. 9 Bygningar og anlegg (pbl § 11-7 og § 11-10)	11
§ 9.1 Nye område for bygningar og anlegg	11
§ 9.2 Unntak frå plankrav	11
§ 9.3 Parkering.....	11
§ 9.4 Nye bustader	11
§ 9.5 Fritidsbustader	13
Retningsline for gjerde, flaggstenger mv.	15

Retningslinjer for fortetting i område avsett for fritidsbustader	16
§ 9. 6 Forretning og næring.....	16
§ 9. 7 Sentrumsformål og indre sentrumssone.....	16
§ 9. 8 Offentleg etter privat tenesteyting	18
§ 9. 9 Fritids- og turistformål.....	18
§ 9. 10 Råstoffutvinning	18
§ 9. 11 Næring	19
§ 9. 12 Gravlund	20
Kap. 10 Samferdselsanlegg (pbl § 11–10 nr. 4)	20
§ 10. 1 Haldningsklassar for veg.....	20
§ 10.2 Område for kortbaneflystripe	21
Kap. 11 Grønstruktur (pbl § 11–7 nr. 3)	21
§ 11. 1 Grønstruktur.....	21
§11. 2 Vegetasjonssone.....	21
Kap. 12 Landbruk-, natur- og friluftsområde samt reindrift (pbl § 11–11 nr. 1 og 2)	21
Retningslinjer for tiltak som er naudsynt for landbruk og gardstilknyta næringsverksemd.....	21
§12. 1 Område for spreidd bustadbygging.....	22
§12. 2 Område for spreidd næring.....	22
Kap. 13 Bruk og vern av vatn og vassdrag med tilhøyrande strandsone (pbl § 11–11 nr. 3 og 5)	
23	
§13. 1 kantsone langs vassdrag.....	23
Retningslinjer for kantsoner langs vassdrag.....	23
§ 13. 2 Småbåthamn	23
§ 13. 3 Friluftsområde	23
§13. 4 VF02 Isbane på Vågåvatnet	24
§13. 4 Verna vassdrag	24
DEL III: FØRESEGNAR TIL OMSYNSSONER.....	24
Kap. 14 Sikrings-, støy og faresoner (pbl § 11–8 a)	24
§ 14. 1 Omsynssone støy.....	24
§ 14. 2 Omsynssone aktsemdsområde flom, stein-, snø- og jord- og flomskred.....	25
§ 14. 3 Omsynssone reell flomfare	25
§14. 4 Omsynssone reell skredfare	25
§14. 5 Omsynssone for kraftline–høgspenningsanlegg	25
§ 14. 6 Sikringszone for nedslagsfelt for drikkevattn	26

Kap. 15	Sone med særleg omsyn (pbl § 11–8 c).....	28
§ 15.1	Område med særleg verdifullt landbruk	28
§ 15.2	Område med særleg viktig naturmiljø.....	29
§ 15.3	Område med særleg verdifullt kulturlandskap	29
Kap. 16	Sone for bandlegging (pbl § 11–8 d)	31
§ 16.1	Sone som er bandlagt etter lov om kulturminne	31
§ 16.2	Sone som er bandlagt etter lov om naturvern	32
§16.3	Sone som er bandlagt for regulering etter plan- og bygningsloven.....	32
Kap. 17	Sone der gjeldande reguleringsplanar framleis skal gjelde (pbl § 11–8 f)	32
§ 17.1	Sone der gjeldande reguleringsplan framleis skal gjelde	32

DEL I: GENERELLE FØRESEGNER (pbl § 11-9)

Kap. 1 Rettsverknader (pbl § 11-6)

Føresegnene under punkt 1 gjeld uavhengig av arealformål. Føresegnene er knytt til plankartet datert 10.08.2017. Juridisk bindande føresegner står i ramme. Tekst utanfor rammene er retningsliner og merknader.

Kommuneplanen sin arealdel med plankart, føresegner og retningsliner er rettsleg bindande (jf. pbl § 11-6), med unntak av dei område der eldre reguleringsplanar framleis skal gjelde, jf. pbl § 11–8 f). Desse områda er synte som omsynssoner på plankartet. Kommuneplanen sin arealdel gjev ikkje heimel til ekspropriasjon.

Private som ynskjer å utarbeide reguleringsplanar skal kontakte kommunen før reguleringsarbeidet startar opp. Nye reguleringsplanar som blir vedtekne etter at kommuneplanen er vedteken gjeld framfor kommuneplanen, jf. pbl § 1-2, 2. ledd.

§ 1.1 Jordlova

Jordlova §§ 8 og 12 gjeld for nye og eksisterande utbyggingsområde inntil det ligg føre vedteken reguleringsplan, jf. jordlova § 2 andre ledd.

Kap. 2 Plankrav (pbl § 11-9 nr. 1)

§ 2.1 Plankrav

For større byggje- og anleggstiltak og andre tiltak som kan få vesentleg verknader for miljø og samfunn er det krav om regulering, jf. pbl § 12-1, 2. og 3. ledd

For område som er avsett til område for byggje- og anleggstiltak og samferdselsanlegg, skal tiltak etter pbl § 1–6 og § 20-1, ikkje finne stad før området inngår i vedtatt reguleringsplan, jf. pbl kapittel 12.

Kap. 3 Utbyggingsavtaler (pbl § 11-9 nr. 2)

§ 3.1 Utbyggingsavtaler

Utbyggingsavtaler, jf. pbl § 11–9 nr. 2, skal brukast der det er nødvendig å sikre at utbygginga skjer i samsvar med intensjonar i kommuneplanens arealdel eller reguleringsplan. Det visast til kommunestyret sitt prinsippvedtak om utbyggingsavtaler i sak 15/09.

Retningsliner til utbyggingsavtaler

Utbyggingsavtalen skal sikre ein best mogleg infrastruktur og sikre at anlegg mv. som kommunen skal ta over og vedlikehalde, held den standard som kommunen krev. Utbyggingsavtale skal utarbeidast før 1. gongs behandling av områdeplan/detaljreguleringsplan og skal leggjast ut på høyring saman med planforslaget og skal følgje planforslaget til endeleg behandling i kommunestyret. Dette skal sikre medverknad frå råka grupper og interessentar.

Kap. 4 Krav til nærare gitte tekniske løysningar (pbl § 11–9 nr. 3)

§ 4.1 Krav til vegar

Ved planlegging og oppgradering av nye vegar, gang- og sykkelvegar og fortau gjeld krav stilt i Statens vegvesen sin handbok N100 veg- og gateutforming. Trafikktryggleik skal prioriterast ved val av løysningar.

§ 4.2 Krav til overvasshandtering

Ved bygging av skogsbilvegar og ved handtering av overflatevatn i utbyggingsområde, skal det takast omsyn til flom og skredfare, jf. pbl. § 11–9 nr. 3.

Ved bygging av nybygg og/eller større ombygging/rehabilitering (fortetting eller nye område) gjeld følgjande hovudprinsipp:

- Overvatn skal handterast lokalt, på eigen grunn ved infiltrasjon og fordrøyning eller på annan måte.
- Ved fortetting, planlegging av nye byggeområde, gater/vegar eller endring av eksisterande tilhøve, skal det takast ekstra omsyn til overvatn.
- Kommunen kan krevje eigen plan for handtering av overflatevatn før utbygging.

Kap. 5 Rekkeføljekrav (pbl § 11–9 nr. 4)

§ 5.1 Rekkeføljekrav i tilknytning til utbygging

I område avsett til bygge- og anleggsformål kan ikkje tiltak etter pbl. § 20–1 finne stad før tekniske anlegg, veg, vatn- og avløpsløyving er godkjend, jf. pbl. kapittel 18.

Nødvendig rekkeføljekrav skal innarbeidast i reguleringsplan og sikre utbygging av nødvendig teknisk og grøn infrastruktur.

Før det kan gjevast ferdigattest/midlertidig bruksløyve til bustader i nye byggeområde skal felles leike- og uteopphaldsareal vere opparbeidd i samsvar med reguleringsplan. Krav til drift- og vedlikehald av felles leike- og uteopphaldsareal kan løysast gjennom ei utbyggingsavtale, jf. § 3.1.

Før det kan gjevast ferdigattest/midlertidig bruksløyve til bygge og anleggstiltak innanfor gul og raud støysone, skal nødvendige støytiltak vere etablert, jf. § 7.1 og § 14.1.

Før det kan gjevast ferdigattest/midlertidig bruksløyve til bygge- og anleggstiltak innanfor flomsoneområda, skal nødvendig flomsikringstiltak vere ferdig opparbeidd, jf. § 14.3. Før det kan bli gitt byggjeløyve til bygging nærare enn 20 meter frå mindre bekker og vassdrag, skal det dokumentrast at området ikkje er utsett for flom. Nødvendige tryggleikskrav mot flom skal også vere gjennomført før slike område kan byggjast ut, jf. pbl § 11–9 nr. 4.

Før det kan gjevast løyve til bygge- og anleggstiltak innanfor aktsemdsområdet for snøskred, jord- og flomskred og steinsprang, må området faresonekartleggjast. Dersom område ligg innanfor fareområde for snøskred, jord- og flomskred og steinsprang, skal tilstrekkeleg skredsikringstiltak vere ferdig opparbeidd, jf. § 14.2.

Kap. 6 Forming-, miljø og funksjonskrav (pbl § 11–9 nr. 5)

§ 6.1 Byggegrenser

§ 6.1.1 Byggegrense langs offentlig veg

Byggegrense langs riks- og fylkesvegar skal vere i samsvar med veglova § 29 og Fylkestingets vedtak i sak 85/12 *Retningsliner for byggegrense og avkøyrse langs fylkesvegar*, med mindre anna går fram av reguleringsplan etter pbl. Kommunale vegar utanfor regulert område er plassert i funksjonsklasse E. Funksjonsklassane for vegar i Vågå går fram av § 10.1 og er vist i plankartet.

Funksjonsklasse byggegrense

A–Nasjonal hovudveg 50 m

B–Regional hovudveg 50 m

C–Lokal hovudveg 30 m

D–Lokal hovudveg 20 m

E–Lokal tilkomstveg 15 m

§ 6.1.2 Byggegrense langs offentlig vatn- og avlaupsnett

Det er ikkje tillate med bygging/tiltak nærmare kommunalteknisk infrastruktur som offentlig VA-nett enn 4 meter frå senterline grøft.

§ 6.1.3 Byggegrense mot vassdrag og bekkar

Det er ikkje tillate med bygge- og anleggstiltak nærare vassdrag enn 50 meter. Langs verna vassdrag, Sjoa elv med sidevassdrag og Finna elv med sidevassdrag, er det ikkje tillate med bygge- og anleggstiltak nærare vassdrag enn 100 meter. For område som er regulert gjeld byggegrense i reguleringsplanen.

Minimum ei sone på 20 meter på kvar side av bekkar og elvar er potensielle fareområde, og skal som hovudregel ikkje nyttast til byggeformål. På strekningar med lausmasseskråningar høgare enn 20 m bør breidda vere minst like høg.

Med vassdrag meinast vatn og elvestrekningar med årssikker vassføring, men vassressurslovens føresegner omfattar også mange mindre bekkar, jf. lovens definisjon i § 2.

§ 6.2 Universell utforming og krav til tilgjenge

Ved utarbeiding av reguleringsplanar og ved nybygg, rehabilitering og ombygging skal det leggast vekt på at alle bueningar, offentlege bygg, næringsbygg, fellesområde og uteareal kan bli nytta av alle menneske i så stor utstrekning som mogleg, utan behov for seinare tilpassing eller spesiell utforming.

For prosjekt med fire bueningar eller fleire, skal minimum 50 % av bustadene tilfredsstillende krav til tilgjenge buening. For prosjekt med færre enn fire bueningar skal det synleggjerast korleis delar av bustadene på sikt kan tilfredsstillende krav til tilgjenge buening. Planar og tiltak skal byggje på prinsippa om universell utforming i samsvar med tilrådde løysingar i gjeldande teknisk forskrift med rettleiingar.

§ 6.3 Leike-, ute og opphaldsareal

Ved etablering av nye bueningar skal det leggjast til rette for gode leikemoglegheiter og gode, felles uteopphaldsareal som gir tilfredsstillande aktivitetmoglegheiter for alle, jf. pbl. § 11–9 pkt. 5.

Krav til leikeareal:

- Skal ha gode soltilhøve.
- Skal ikkje vere støyutsett.
- Skal ligge sentralt i bustadområdet og ikkje vere eit restareal i utkanten.
- Skal ligge skjerma med omsyn til trafikkavvikling.
- Det kan ikkje plasserast trafo eller annan teknisk installasjon innanfor eit område avsett til leikeareal.

§ 6.4 Skilt og reklame

Retningsliner for formål og definisjonar

Føresegnene har som formål å vareta prinsippet om universell utforming, trafikktryggleik og ein estetisk god utforming av skilt og reklame i felles omgjevnad og offentleg rom i kommunen, i samsvar med plan- og bygningsloven § 1–1 og § 30–3 og NS 3041.

Definisjonar av skilt:

1. Skilt og reklameinnretningar; -samleomgrep for alle innretningar som formidlar, eller er eigna til å formidle eller marknadsføre eit budskap.
2. Reklameskilt; skilt og liknande innretning som annonserer varer, tenester, arrangement og liknande.
3. Verksemdskilt (forretnings/føretaksskilt) ; -skilt og liknand innretning som formidlar budskap om verksemda på staden/i bygningen.
4. Frittstående skilt; -skilt som er plassert på frittstående innretning (på stolpe, flaggstong, sokkel, mast, stativ mm).
5. Lausfotskilt/gatebukkar; -skilt og liknande innretning som enkelt kan flyttast.
6. Nedhengskilt; -skilt og liknande innretning som er montert ned frå tak, balkong og liknande.
7. Uthengsskilt; -skilt og liknande innretning som er montert vertikalt ut frå bygningen sin fasade.
8. Vindaugsdekor; -skilt og reklame i form av tekst, måling, folie eller tilsvarande som er påført vindaug eller dører.
9. Ljosskilt; -skilt og liknande innretning som er belyst eller som har integrert ljøs.
10. Byggeplassskilt; -midlertidig skilt og liknande innretning montert på byggeplassar i byggeperioden med informasjon om involverte føretak, tiltaket og tilsvarande.
11. Skiltplan; -samla plan for plassering av skilt og liknande innretningar innanfor eit avgrensa område/bygning, som viser plassering, utføring, materialbruk og storleik.

6. 4.1 Utforming og plassering med meir

1. Skilt og reklameinnretningar skal tilpassast eksisterande bygning/bygningsmiljø og utformast slik at det teke omsyn til, og tilfredsstillar rimelege visuelle omsyn både i forhold til seg sjølv og i forhold til omgjevnaden. Skilt og reklameinnretningar skal ha moderat storleik, utforming og farge, og skal harmonere med bygningsmiljøet på staden. Blinkande, skiftande eller pulserande ljuskilt og reklameinnretningar er ikkje tillate.
2. Skilt og reklameinnretningar skal ikkje vera til hinder for ferdsel eller til fare for omgjevnaden på anna måte.
3. Skilt og reklameinnretningar må ikkje plasserast på møne, takflate, takutstikk, gesims, stolpe eller støyskjerm/gjerde.
4. Skilt og reklameinnretningar skal ikkje ha tal, bokstavar eller symbol som kvar for seg er høgare ein 1 meter.
5. For kvar verksemd blir det ikkje tillate meir enn eitt uthengsskilt og eitt veggskilt (verksemdskilt). Kommunen kan gjera unntak for verksemdar som disponerer fasadar langs fleire fortau eller gater/vegar.
6. Skilt og reklameinnretningar skal ikkje vera eller virke samanhengande over heile eller store deler av fasaden, og visuell eksponeringsflate skal ikkje dekkje meir enn 1/4 av bygningens horisontale fasadelengde, avgrensa til 4 m. Montering av fleire skilt og reklameinnretningar nær kvarandre, blir rekna som same visuelle eksponeringsflate som eitt skilt.
7. Reklameskilt kan berre oppførast i avgrensa omfang, maksimalt 2 pr. verksemd.
8. Ljoskilt, medrekna ljuskasser kan tillast dersom dei har tette sider og front der berre tekst og eventuell logo gjev ljøs. Det same gjeld uthengsskilt under 0,5 m². Skilt skal fortrinnsvis ha indirekte belysing. Blinkande og/eller rørlige ljøs vert ikkje tillate. Gesims utforma som lysande kasser er ikkje tillate.
9. Uthengsskilt på bygningar o.l. skal avgrensast mest mogleg. Uthengsskilt skal ikkje ha belysing. Største breidde skal vera 1m og fri høgde over fortau skal vera minst 2,5 m. Framspringet må ikkje vere lenger ut enn at det er minst 0,5 m fri horisontal avstand til fortauskant. Største tillate areal er 0,5 m².
10. Frittståande skilt kan berre godkjennast i avgrensa omfang, som til dømes ved utarbeiding av samla skiltplan for eit område.
11. Lausfotskilt/gatebukkar skal avgrensast mest mogleg, og er ikkje tillate på fortau eller andre område der det kan vera til hinder for gåande, syklande, med særleg fokus på orienterings- og bevegelsehemma. Det må også takast særskilt omsyn til frisktlinjer i veg/gatekryss.
12. Markiser skal følgje vindaugs/dørøpningane. Anna merking enn firmanamn og/eller logo skal ikkje brukast.

Kap. 7 Miljøkvalitet og estetikk (pbl § 11-9 nr. 6)

§ 7.1 Støy

Støyfølsame tiltak, jf. T-1442, skal ikkje bli lokalisert innanfor raud støysone. Ved tiltak innanfor gul støysone skal det gjennomførast støyberekningar som synleggjer støynivå inne og ute ved fasadar og uteareal. Reguleringsplanen skal syne tiltak mot støy dersom grenseverdiane blir overskride.

§ 7.2 Energi

Byggeområde og byggverk skal lokaliserast og utformast med omsyn til energieffektivitet og miljøriktig energiforsyning, jf. forskrift om tekniske krav til byggverk.

All nye bygg skal planleggjast og utformast for å gje lågast mogleg energiforbruk til oppvarming, kjøling, lyssetting og andre formål.

§ 7.3 Naturlandskap og grønstruktur

I alle plan- og byggeprosessar skal det leggjast vekt på å bevare og utvikle ein samanhengande og ålment tilgjengeleg blågrøn struktur (vegetasjons- og vasstruktur). Dette for å leggje til rette for utvikling av gode og attraktive bu-, fritidsmiljø- og bygningsmiljø.

§ 7.4 Vassdrag

Det skal av omsyn til visuell oppleving, ålmenta sin ferdsel, biologisk mangfald og forureining behaldast eit vegetasjonsbelte langs vatn og vassdrag som skal motverke avrenning og fungere som levestad for planter og dyr jf. § 13.1.

Kap. 8 Bevaring av bygningsmiljø og kulturmiljø (pbl § 11–9 nr. 7)

§ 8.1 Kulturminne

Tiltak som ikkje er avklart gjennom reguleringsplaner skal leggast fram for kulturminnestyresmaktene til uttale, jf. Kulturminnekovens § 8 fyrste ledd, og § 9, anten som byggesak, dispensasjonssak eller i samband med konsesjonsbehandlina.

Søknader om dispensasjon eller byggjeløyve i saker som gjeld bygningar oppført før 1900 skal sendast Oppland fylkeskommune ved fageining kulturarv til fråsegn.

§ 8.2 Bygningsmiljø og kulturmiljø

Alle tiltak skal vurderast ut frå eksisterande bygningar, bygningsmiljø og kulturlandskap. Verneverdige bygningar, kulturmiljø og andre kulturminne skal i størst mogleg grad takast i vare som bruksressursar. Det skal leggjast opp til ein god dialog med tiltakshavar for vurdering av nye stilartar og materialbruk.

DEL II: FØRESEGNER TIL AREALFORMÅL

Kap. 9 Bygninger og anlegg (pbl § 11-7 og § 11-10)

§ 9.1 Nye område for bygninger og anlegg

Tiltak som nemnd i pbl § 20-1 kan ikkje finne stad før nye område inngår i reguleringsplan, jf. § 2.1.

Tiltak i eksisterande byggjeområde skal behandlast i samsvar med gjeldande reguleringsplan for området.

§ 9.2 Unntak frå plankrav

Bruksendring av eksisterande bygningsmasse til formål i samsvar med vedteken arealbruk er unnateke frå plankravet.

Mindre tilbygg og påbygg, garasjar, uthus og ombygging av eksisterande bygg og nybygg på tidlegare frådelt ubygde tomter, er unnateke plankravet dersom tiltaket er i tråd med arealformålet.

§ 9.3 Parkering

Kvar biloppstillingsplass skal minimum vere 12,5 m².

	Biloppstillingsplassar
Bustader	2 pr. eining
Fritidsbustad med tilkomstveg	2 pr. eining
Leilegheitsbygg	2 pr. leilegheit

§ 9.4 Nye bustader

Føresegnene gjeld for alle bustadeigedomar som ikkje inngår i område der det ligg føre godkjend reguleringsplan, for nye bustadområde som ikkje skal regulerast og for nye bustadområde som skal regulerast.

§ 9.4.1 Nye bustadområde med krav om reguleringsplan (pbl § 11-9 nr. 1)

B01 Brustugu – nye leilegheiter	Området skal regulerast og det skal utarbeidast felles reguleringsplan med B02, B/FO/K01, N04 og VF01. Området kan byggjast ut til leilegheitskompleks med høg arealutnytting.
B02 Brustugu – eksisterande busetnad	Området skal regulerast og det skal utarbeidast felles reguleringsplan med B01, B/FO/K01, N04 og VF01. Eksisterande tun skal bevarast.
B03 Lalm sentrum	Området skal regulerast. Det kan førast opp einebustad/tomannsbustad innanfor området. Einebustadtomter skal ikkje overstige 1 daa.
B04 Lalm sentrum II	Området skal regulerast. Det kan førast opp einebustad/tomannsbustad innanfor området. Einebustadtomter skal ikkje overstige 1 daa

§ 9. 4.2 Utnyttingsgrad og bygningsvolum

- Alle bygg skal ha saltak med takvinkel mellom 22 og 35 grader.
- Mønehøgde skal ikkje overstige 9 meter og gesimshøgde skal ikkje overstige 8 meter frå gjennomsnittleg planert terreng.

Retningslinjer for utforming av bygning, materialbruk og fargar

- Bustader skal ha ei klar lengderetning som følgjer høgdekotane. Hovudmøneretning skal følgje bygget si lengderetning.
- Tak skal vere mørke og matte.
- Det skal takast omsyn til eksisterande byggeskikk i området. Dette gjeld også materialval og farge.

Retningslinjer for bruksendring

Bruksendring frå bustad til fritidsbustad er ikkje tillate, med mindre det er i tråd med vedteke arealformål.

§ 9. 4.4 Nye område for kombinert formål (bustad/forretning/kontor) (bustad/næring/kontor) med krav om regulering (pbl § 11–9 nr. 1)

B/F/K01 Brustugu	<p>Området skal regulerast og det skal utarbeidast felles reguleringsplan med B01, B02, N04 og VF01. Vågå kommune skal regulere områda.</p> <p>Området skal byggjast ut til bustad/forretning/kontor. 1. etasje er reservert forretning. Bustader/kontor kan ikkje byggjast ut som enkeltstående einingar, men som ein integrert del av forretningsbygg.</p> <p>For området samla kan det etablerast ny handelsverksemd som blir inntil 1500 m² BRA detaljhandel. Butikkane skal vere minimum 500 m² BRA. Det er ikkje tillate å etablere storvarehandel og/eller plass og transportkrevjande varehandel. Det kan ikkje etablerast servering, tenesteyting, apotek, post, vinmonopol eller treningssenter innanfor området, jf. handelsanalyse frå Vista Analyse.</p> <p>Materialval og fargeval skal harmonisere med miljøet i området. Ljose eller skarpe fargar som gjev stor kontrastverknad mot omgjevnadane, eller reflekterande materialar vert ikkje tillate. Bygg skal byggjast i tre.</p>
B/FO/K02 Engumtomta	<p>Området kan byggjast ut til bustad/forretning/kontor i kombinasjon. 1. etasje er reservert forretning/kontor. Det skal vere høg arealutnytting. Bygg skal byggjast i tre.</p>
B/FO/K03 Smedsmo	<p>Området kan byggjast ut til bustad/forretning/kontor i kombinasjon. 1. etasje er reservert forretning/kontor. Det skal vere høg arealutnytting. Bygg skal byggjast i tre.</p>
B/N/K02 OKB tomta	<p>Området kan byggjast ut til bustad/næring/kontor i kombinasjon. 1.</p>

	etasje er reservert næring og kontor . Det skal vere høg arealutnytting innanfor området. Det må utarbeidast ny reguleringsplan for området.
B/G01 Vågå Gjest	Området kan byggjast ut til bustad/gjestegiveri. Det må utarbeidast ny reguleringsplan for området dersom arealet skal nyttast til gjestegiveri.
TB/L01 Maurvangen	Området kan byggjast ut til tenestebustad og garasje/lager. Det må utarbeidast ny reguleringsplan for området. Løysingar for vatn og avlaup skal etablerast i tråd med gjeldande krav og retningslinjer.

§ 9.5 Fritidsbustader

Føresegnene gjeld for alle fritidseigedomar som ikkje inngår i område der det ligg føre godkjend reguleringsplan og for nye fritidsområde som skal regulerast.

§ 9.5.1 Nye område for fritidsbustader med krav om reguleringsplan (pbl § 11-9 nr. 1)

F01 Slombhaugen	<p>Området skal regulerast. Det skal ved regulering leggjast til rette for stiger og skiløyper gjennom/i planområdet, og ålmenta sin tilgang gjennom planområdet.</p> <p>Det må utarbeidast eigen plan for vatn- og avløp som skal utarbeidast før 1. gongs behandling av reguleringsplan og skal leggjast ut på høyring saman med planforslaget, og skal følgje planforslaget til endeleg behandling i kommunestyret. Det skal planleggjast for høgstandard.</p>
F02 Ormeholet	Området skal regulerast. Det må utarbeidast eigen plan for vatn- og avløp som skal utarbeidast før 1. gongs behandling av reguleringsplan og skal leggjast ut på høyring saman med planforslaget, og skal følgje planforslaget til endeleg behandling i kommunestyret. Det skal planleggjast for høgstandard.
F03 Grasdokken	<p>Området skal regulerast. Det må utarbeidast eigen plan for vatn- og avløp som skal utarbeidast før 1. gongs behandling av reguleringsplan og skal leggjast ut på høyring saman med planforslaget, og skal følgje planforslaget til endeleg behandling i kommunestyret. Det skal planleggjast for høgstandard.</p> <p>Det skal ved regulering leggjast til rette for stiger og skiløyper gjennom/i planområdet, og ålmenta sin tilgang gjennom planområdet.</p>
F04 Reiregrende	Området kan delast og byggjast ut for inntil 4 fritidshytter. Området skal regulerast ved utbygging av 4 einingar.
F05 Fjellsida	Området skal regulerast. Det skal utarbeidast felles reguleringsplan med F/FT01. Det skal ved regulering leggjast til rette for stiger og skiløyper gjennom/i planområdet, og ålmenta sin tilgang gjennom planområdet.

	<p>Storleik, utnytting og utforming kan gå utover kulepunkt 2, 3, 4, 5 og 6 i § 9.5.2, jf. planforslag som har vore på 1. gongs høyring og offentleg ettersyn.</p> <p>Det må utarbeidast eigen plan for vatn- og avløp som skal utarbeidast før 2. gongs behandling av reguleringsplan og skal leggjast ut på høyring saman med planforslaget, og skal følgje planforslaget til endeleg behandling i kommunestyret. Det skal planleggjast for høgstandard.</p>
F08 Veidarheim	Området kan delast og byggjast ut for to fritidsbustader utan krav om reguleringsplan.
F09 Jetta	<p>Området skal regulerast. Det må utarbeidast eigen plan for vatn- og avløp som skal utarbeidast før 1. gongs behandling av reguleringsplan og skal leggjast ut på høyring saman med planforslaget og skal følgje planforslaget til endeleg behandling i kommunestyret. Det skal planleggjast for høgstandard.</p> <p>Det skal ved regulering leggjast til rette for stiger og skiløyper gjennom/i planområdet, og ålmenta sin tilgang gjennom planområdet.</p>

§ 9.5.2 Utnyttingsgrad og bygningsvolum

- Det skal berre vere ein fritidsbustad pr. eigedom.
- Det er tillate med tre bygg per tomt/feste. Anneks på inntil 30 m² og uthus inntil 25 m². Total utnytting pr. tomt/feste er 120 m² BRA. I tillegg til bygningsareal på 120 m² pr. tomt, kan inntil 30 m² opparbeidast til overflateparkering (2 p-plassar). Det kan ikkje byggjast på areal for parkering. Bygningar skal førast opp i ei tunløysing.
- Mønehøgde skal ikkje overstige 5,5 meter frå gjennomsnittleg planert terrengnivå rundt bygningen. Opphavleg terreng skal ikkje bli endra meir enn 1,5 m.
- Gesimshøgde skal ikkje vere høgare enn 3,1 meter.
- Grunnmur skal vere maks 0,8 meter.
- Alle bygg skal ha saltak med takvinkel mellom 22 og 32 grader.

Retningsliner for utforming av bygning, materialbruk og fargar

- Utnyttingsgrad skal reknast som bruksareal for bygg (BRA) etter norsk standard NS3940, jf. kap. 4 i rettleiaren.
- Alle fritidshus som ligg i LNFR-område må søkje om dispensasjon før det kan gjevast byggjeløyve til utviding av eksisterande bygningsmasse til total utnytting pr. tomt/feste på 120 m².
- Innanfor Blåhø/Jetta området og Jønndalen skal det vere ein streng dispensasjonspraksis og det kan berre bli gitt dispensasjon til total utnytting pr. tomt/feste på 40m². Anneks inntil 10 m² og uthus inntil 10 m².
- Fritidsbustader skal ha ei klar lengderetning som fylgjer høgdekotane. Mønetak skal ha hovudmøneretning som fylgjer bygget si lengderetning.
- Tomteareal som blir råka av bygging og veg/parkering skal ikkje vere brattare enn 1:4.

- Tak skal vere tekt med torv, skifer, tre eller andre mørke, matte materiale. Det kan nyttast tak av solcellepanel.
- Materialbruk og fargeval skal harmonere med miljøet i området. Ljose eller skarpe fargar som gjev stor kontrastverknad mot omgjevnadane, eller reflekterande materialar vert ikkje tillate–heller ikkje som staffasjefargar. Det kan likevel nyttast kvit farge på vindaug.
- På hytter kan det gjevast løyve til bygging av veranda/terrasse/platting inntil 25 % av hytta sin storleik (BRA). Veranda kan tillatast på maksimum to sider av hytta og med maks høgde 1 m over bakkenivå. Det kan ikkje førast opp veranda på uthus og annek.
- Naust som ligg så nær fritidsbustaden at alle bygningane vil råke eit oktaeder på 1 dekar, er matrikulert på same festenummer som fritidsbustaden og er å sjå på som ein del av «tunet». Naustet skal da telje med som bygning og telje med i totalt BRA. Sidan naust tradisjonelt er låge bygg, vil naust ut frå målreglane i dei fleste tilfelle ikkje telje med i totalt BRA, – men naustet skal likevel telje som bygning.
- Naust som ligg så langt unna fritidsbustaden at ikkje alle bygningane vil råke eit oktaeder på 1 dekar, blir matrikulert på same festenummer som fritidsbustaden, men som teig nr. 2. Naust som er matrikulert som teig nr. 2 er ikkje å sjå på som ein del av «tunet» for fritidsbustaden og skal ikkje reknast med som bygning eller teljast med i totalt BRA.

Retningsline for gjerde, flaggstenger mv.

- Det er tillate med inngjerding med inntil 50 løpemeteter pr. tomt som omtalt under.
 - Gjerde skal vere mellom 0,9 og 1,2 meter høg og skal vere festa i vegg i både endar.
 - Gjerde skal utførast i trevrkje og ha ei utforming og farge som harmonerer med bygningsmiljøet.
 - Gjerde skal tilverkast slik at beitedyr ikkje kan kome til skade.
 - Portal er ikkje tillate.
 - Grind(er) skal slå utover, og grind skal telje med i talet løpemeteter.
 - Kryperom under terrassar og veranda skal lukkast og haldast ved like, slik at småfe ikkje kan koma innunder og setje seg fast. Stengsel under veranda/terrasse skal ikkje reginas med i tal løpemeteter.
 - Stigar, råk og naturlege ferdselsvegar skal ikkje stengast med gjerde eller grind.
 - Rekkverk/gelender på veranda/terrasse/platting skal ikkje telje med i talet løpemeteter.
 - Gjerde mellom nabotomter kan ikkje koplast saman og gjerde kan ikkje settast opp nærare eigedomsgrense enn 2 meter, for å sikre fri ferdsel mellom hyttetomter. Det skal vere minst 4 meter mellom gjerde på nabotomter.
 - Det er på uteplass/terrasse/veranda tillate å føre opp ein veggfast levegg med lengde inntil 4 meter og høgde inntil 1,8 meter. Det er ikkje tillate å føre opp leveggar utover dette. Levegg skal ikkje telje med i talet løpemeteter gjerde.
 - Små vindmøller (rotordiameter mindre enn 1,5 m og høgde inntil 4 m) er berre tillate i område utan infrastruktur, og då som eit supplement til solcelleanlegg. Ei vindmølle er tillate per fritidseigedom. Det stillast ikkje krav om søknad.
- Antenner skal ha mørk farge og ein diskret plassering.
- Flaggstenger er ikkje tillate.

Retningslinjer for fortetting i område avsett for fritidsbustader

- Ved fortetting med nye fritidsbustader må det takast omsyn til eksisterande utbyggingsstruktur, landskap, vassdrag og terreng.
- I planskildring til reguleringsplanen skal det bli gjort greie for korleis fortettinga er tilpassa andre omsyn, og korleis dialog med andre partar er gjennomført.
- Tilbygg/påbygg på eksisterande tomter og bygg på nye tomter kan ikkje bli oppført nærare privat veg, gangveg, stig eller skiløype på minst 8 meter.

Retningslinjer for bruksendring

Fritidsbustader kan få dispensasjon for bruksendring til bustad under føresetnad av at fylgjande er oppfylt:

- Godkjend tilkomst, vassforsyning og avløp, jf. krav i plan- og bygningslov.
- Fritidsbustaden skal vere lett tilgjengeleg i forhold til at kommunen eventuelt må yte ulike typar offentlege tenester.
- Fritidsbustaden skal ikkje vere lokalisert i område med byggjeforbod langs vassdrag.
- Fritidsbustaden skal ikkje ligge i område med viktige naturtypar, artar eller kulturminne.
- Bruksendring kan berre gjevast for 10 år om gongen.
- Bruksendring er knytt til person og ikkje eigedom.

§ 9. 5.3 Frådeling

Ved frådeling av ny tomt rundt eksisterande fritidsbustad (uendra bruk), eller frådeling av tilleggsareal til eksisterande fritidseigedom, skal totalt tomteareal ikkje overstige 2 daa.

Tidlegare frådelte tomter til fritidsbustad kan ikkje delast opp ytterlegare. Anneks blir sett på som ein del av fritidsbustaden og kan ikkje delast frå eininga.

Fritidsbustader som er festa bort som punktbeste kan ikkje delast til fleire einingar med seksjonering

§ 9. 6 Forretning og næring

Det er avsett areal til forretning


§ 9. 6.1 Nye område for kombinert forretning og næring med krav om regulering (pbl § 11-9 nr. 1)

FO/N02 Lemonsjøen	Området skal regulerast. Materialbruk og fargeval skal harmonisere med miljøet i området. Ljose eller skarpe fargar som gjev stor kontrastverknad mot omgjevnadane, eller reflekterande materialar vert ikkje tillate. Bygg skal ha saltak med takvinkel mellom 22 til 32 grader. Maks mønehøgde skal vere 9 meter.
-------------------	---

§ 9. 7 Sentrumsformål og indre sentrumssone

Areal innanfor Vågåmo sentrum er avsett til areal for sentrumsformål. Sentrumsformål omfattar areal for bustad, kontor, hotell og bevertning, forretning, tenesteyting og nødvendig areal for

grøntareal. Ved vidare planlegging og utvikling av sentrumsområdet skal det leggjast særleg vekt på universell utforming, og det skal leggjast til rette for gåande og syklende.



Indre sentrumssone er vist med raud stipla line og kjerneområde for sentrum er vist med blå stipla line

§ 9. 7.1 Indre sentrumssone og kjerneområde

Arealbruk innanfor indre sentrumssone skal bygge opp under Vågåmo som områdesenter. Indre sentrumssone er vist med raud stipla line. Områdesenteret skal ha ein todelt senterstruktur der det er definert eit kjerneområde for det historiske sentrum med gammal og stadeigen bygningsmasse, låge hus og god sirkulasjon mellom bygga. Låg-brun sone. Dette området er vist med blå stipla line. Innanfor denne sona skal det leggjast til rette for varehandel i små konsept og det kan ikkje etablerast storformater her.

Ny handelsverksemd eller utviding av slike, som blir større enn 1500 m² BRA detaljhandel, kan berre lokaliserast innanfor indre sentrumssone, jf. pkt. 3a i *regional plan for attraktive byer og tettsteder i Oppland*.

Ettersom Vågåmo er definert som eit områdesenter i *regional plan for attraktive byer og tettsteder i Oppland* kan det etablerast ny handelsverksemd for detaljhandel på inntil 6000m² innanfor område som er definert som indre sentrumssone.

Areal innanfor indre sentrumssone kan berre byggjast ut etter reguleringsplan.

Område regulert til spesialområde bevaring med tilhøyrande føresegner skal vidareførast.

Aksen frå Brustugu til Veistadhjørnet/lasaronstolpen skal vere attraktiv og trekke folk til sentrum.

Vågåvegen og området rundt lasaronstolpen og øvre del av Moavegen skal ha opne, publikumsretta aktivitetar i fyrste etasje mot definerte handlegater.

§ 9.8 Offentleg etter privat tenesteyting

Det er avsett areal til offentlege og privat tenesteyting som skular, barnehage, helseinstitusjon, kommunaltekniske anlegg, kulturhus med meir. Arealane er regulerte.

§ 9.9 Fritids- og turistformål

Innanfor område avsett til fritids- og turistformål kan det drivast med næringsverksemd i form av hotell, campingplass, utleige av hytter eller liknande.

§ 9.9.1 Fritids- og turistformål-campingplassar

For spikartelt på campingplassane gjeld fylgjande:

- Spikartelt/ fortelt skal ikkje overstige størrelsen på transportabel eining. Spikartelt/ fortelt skal ikkje vera høgare enn 25 cm over transportabel eining. Spikartelt skal ha ei heilhetleg takflate.
- Platting skal ikkje vera høgare enn 0,5 meter over planert terreng og skal ikkje overstige 5 m².
- Det er ikkje tillate med fundamentering som føreset graving for etablering av platting/ terrasse, og desse skal leggast på terrengnivå.
- Avstand mellom vognene må vere i tråd med gjeldande lover og forskrifter.
- Det er ikkje tillate med skorstein/pipe.

§ 9.9.2 Nye område for fritids- og turistformål med krav om regulering (pbl § 11-9 nr. 1)

FT01 Tessosen	Området skal regulerast.
FT02 Sæta seter	Området skal regulerast. Det må i reguleringsplanen sikrast god tilkomst til området frå fv. 51. Det må leggast opp til gode løysningar for kryssing av fv. 51 for mjuke trafikkantar.
FT03 Tesse	Området skal regulerast.

§ 9.9.3 Nye område for kombinert fritidsbustader og fritids- og turistformål med krav om regulering (pbl § 11-9 nr. 1)

F/FT01 Fjellsida	Området skal regulerast. Det skal utarbeidast felles reguleringsplan med F05. Det skal ved regulering leggast til rette for stiger og skiløyper gjennom/i planområdet, og ålmenta sin tilgang gjennom planområdet.
------------------	--

§ 9.10 Råstoffutvinning

Uttak av mineralske råstoff ut over eige bruk, eller vesentleg utviding av eksisterande masseuttak, kan ikkje finne stad før området inngår i godkjend reguleringsplan.

R13E og R14E er unnateke reguleringsplankrav. R13E og R14E er under tilbakeføring. Området skal ryddast opp og avsluttast innan 3 år etter vedtatt kommuneplan. Det er lov å ta ut inntil 1000 m³ i samband med opprydding og tilbakeføring. Drifta skal skje i samsvar med minerallova.

§ 9. 10.1 Nye område for råstoffutvinning

R/N01 Tolstadmoen	Området skal regulerast. Det må utarbeidast støyanalyse.
R01 Hanslien	Området skal regulerast. Det må takast omsyn til kulturminnet id 101558 ved utarbeiding av reguleringsplan og forholdet til kulturminnet må endeleg avklarast i samband med utarbeiding av reguleringsplan for området. Det må utarbeidast støyanalyse.
R02 Ristigdalen	Området skal regulerast. Det må utarbeidast støyanalyse.
R03 Blåhøvegen	Ikkje krav om regulering. Det er lov å ta ut inntil 3000 m ³ masse. Massane skal berre nyttast til oppgradering og vedlikehald av Blåhøvegen. Drifta skal skje i samsvar med minerallova.

Retningsliner til område for råstoffutvinning

Reguleringsplanen skal ha føresegner om omfang, uttaksretning, ev. etappevis drift og deponi, og om istandsetting og revegetering.

Alle masseuttak med uttak over 500 m³ skal meldast til Direktoratet for mineralforvaltning, som kan krevje driftsplan før uttak blir starta, jf. mineralloven § 42. Alle masseuttak med eit samla uttak støre enn 10 000m³ må ha driftskonsesjon frå Direktoratet for mineralforvaltning. Det inneber at driftsplan skal vere godkjend av direktoratet.

§ 9. 11 Næring

Det er avsett areal til industri, lager, transport og annan næringsverksemd.

§ 9. 11.1 Nye område for næring med krav om regulering (pbl § 11-9 nr. 1)

N01 Kolbotten II	Området skal regulerast. Det skal leggjast opp til ein høg arealutnytting med fasade vendt mot industrivegen.
N02 Klonessodden	Området skal regulerast. Det må i reguleringsplanen leggjast opp til planskilt kryssing av rv. 15. Det kan berre førast opp hotell innanfor området.
N03 Skultbakken	Området skal regulerast.
N04 Brustugu -nedre	Området skal regulerast og det skal utarbeidast felles reguleringsplan med B01, B02, B/FO/K01 og VF01. Det kan førast opp hotell og turistinformasjon innanfor området. Servering kan etablerast i

	<p>tilknytning til hotellverksemda.</p> <p>Området skal primært nyttast til hotell, men turistinformatjon, opplevingsbaseert/kulturbasert næring kan etablerast som enskild bygning/eining. Dersom bygningen er i konflikt med framtidig hotell må turistinformatjon vike plass. Det må takast omsyn til faresone for flom ved utarbeiding av reguleringsplan, jf. § 5.1.</p> <p>Uteområde kan leggjast til rette med publikumsretta aktivitetar, som t.d leikeapparat, bord og benkar, klatrevegg etc.</p>
--	---

§ 9. 12 Gravlund

Det er avsett areal til kyrkjegard ved Vågå kyrkje.

§ 9. 12.1 Nye område for gravlund, unnateke kravet om regulering.

Område GL01 og GL02 ved Vågå kyrkje skal nyttast til gravlund for urnegraver og andre trusretningar. Området er tillate tatt i bruk utan krav om utarbeiding av reguleringsplan.

Kap. 10 Samferdselsanlegg (pbl § 11–10 nr. 4)

§ 10. 1 Haldningsklassar for veg

Etablering av nye avkøyrslar eller utvida bruk av eksisterande frå fylkes- eller riksvegar skal dersom avkøyrslar ikkje er heimla i reguleringsplan, vurderast jf. funksjonsklasser vist på plankartet.

Haldningsklasser for avkøyrslar for riks- og fylkesveg har følgjande kategorier, jf. *Retningsliner for byggegrense og avkøyrslar langs fylkesvegar*, vedtatt av Fylkestinget i Oppland 11.12.2012.

Funksjonsklasse	Byggegrense	Haldningsklasse	Vegar
A–Nasjonal hovudveg	50 m	Svært streng haldning	Rv 15 Ottadalsvegen
B–Regional hovudveg	50 m	Streng haldning	Fv 51 Fjellvegen Fv 257 Heidalsvegen
C–Lokal hovudveg	30 m	Streng haldning	Fv 452 Vågåvegen
D–Lokal samleveg	20 m	Mindre streng haldning	Fv 436 Sjårdalsvegen/Baksidvegen Fv 453 Skogbygdsvegen Fv 456 Brekkevegen Fv 468 Nedre Nordheradsveg
E–Lokal atkomstveg	15	Lite streng haldning	Fv 439 Rustvegen Fv 453 Skogbygdsvegen Fv 454 Øvre Nordheradsveg

Kommunale vegar utanfor regulerte område har byggegrense på 15 meter frå midtline.

§ 10.2 Område for kortbaneflystripe

FS01 er område avsett for kortbaneflystripe. Innanfor området skal det etablerast kortbaneflystripe og nødvendige bygningar og parkering i tilknytning til dette. Det skal utarbeidast ein reguleringsplan for området med konsekvensutgreiing. Det skal nyttast eksisterande avkøyrse frå fv. 51.

Kap. 11 Grønstruktur (pbl § 11-7 nr. 3)

§ 11.1 Grønstruktur

Formålet omfatte: Regulerte friområde, friluftsområde, turdrag, stigar og løyper, parkar, leikeplassar og opphald ute, og vegetasjonssoner, naturområde og kulturmiljø som er ein naturleg del av grønstrukturen.

Eksisterande friområde og fellesareal som er nytta til leik og opphald ute, eller areal som er avsett til slikt formål gjennom tidlegare godkjend plan, skal ikkje omdisponerast til anna formål utan at det ligg føre særlege grunnar og det kan skaffast erstatningsareal.

Mindre tiltak for tilrettelegging for friluftsliv kan tillatast utan reguleringsplan dersom tiltaket ikkje får vesentlege verknader for miljø- og samfunn, jf. pbl § 12-1.

§11.2 Vegetasjonssone

G01 er avsett som vegetasjonsskjerm mot framtidig område for råstoffutvinning. Området skal bidra til støy og støvskjerming. Det kan ikkje gjerast tiltak innanfor området som reduserer skjermingseffekten før område for råstoffutvinning er tilbakeført til næringsareal.

Kap. 12 Landbruk-, natur- og friluftsområde samt reindrift (pbl § 11-11 nr. 1 og 2)

Retningslinjer for tiltak som er naudsynt for landbruk og gardstilknyta næringsverksemd

I LNFR-område er det tillate å gjennomføre byggje- og anleggstiltak som er naudsynte tiltak for landbruk-, natur- og friluftsmål, samt næringsverksemd basert på garden sitt ressursgrunnlag.

Oppføring av ny bustad eller fritidsbustad er ikkje tillate. Forbodet gjeld også frådelling til slikt formål.

Kårbustad er ein del av garden, og ein eventuell frådelling krev samtykke jf. jordloven. Ein føresetnad for at det kan bli gjeve dispensasjon er at tiltak ikkje vil vere til ulempe for landbruk-, natur og friluftsverdiar.

Fiskebuer som høyrer til garden som ønskjast utvidast må behandlast som ein dispensasjon med mindre det kan dokumenterast ei næringsinntekt frå fiske. Det skal vere ein streng dispensasjonspraksis og det kan berre bli gitt dispensasjon til total utnytting pr. tomt/feste på 40m² BRA. Uthus/naust inntil 10 m².

Retningslinjer for etablering av nye eigedomar til bustad og bygging av bustad på eksisterande ubygdte bustadtomter i LNFR-område

Haldning til dispensasjonar for nye bustadeigedomar i LNFR-område og bygging av bustad på eksisterande bustadtomt i LNFR-område utan bustad, kan bli vurdert dersom følgjande føresetnader er oppfylt:

- Godkjend tilkomst, vassforsyning og avløp, jf. krav i plan- og bygningslov.
- Tomta skal ikkje råke eller skjemme automatisk freda kulturminne. Dersom det er kjende kulturminne i nærleiken, må plasseringa bli vurdert i forhold til kulturminnet sitt nærmiljø og søknaden bli sendt fageining for kulturarv, kulturminnestyresmaktene i Oppland fylkeskommune.
- Tomta skal ikkje vere lokalisert i byggjeforbodssonene langs bekkar og elvar.
- Tomta skal ikkje råke ved viktige område for biologisk mangfald.
- Tomta skal ikkje råke ved dyrka mark og heller ikkje gjere drifta av landbruksareala i området vanskelege.

Retningslinjer for etablering av fritidsbustader på eksisterande ubygdte tomter i LNFR-område

- Det skal vere dokumentert at tomte er lovleg delt frå som sjølvstendig byggjetomt for fritidsbustad (ikkje tilleggsareal)
- Tomta skal ikkje vere lokalisert i byggjeforbodssonene langs vassdrag.
- Tomta skal ikkje råke eller skjemme automatisk freda kulturminne. Dersom det er kjende kulturminne i nærleiken må plasseringa bli vurdert i forhold til kulturminnet sitt nærmiljø og søknaden bli sendt fageining for kulturarv, kulturminnestyresmaktene i Oppland fylkeskommune.
- Tomta skal ikkje råke ved viktige område for biologisk mangfald.
- Tomta skal ikkje gjere drifta av landbruksareala i området vanskeleg.

§12. 1 Område for spreidd bustadbygging

SB02, SB03, SB04 og SB05 er område avsett for spreidd bustadbygging. Det er ikkje krav om utarbeiding av reguleringsplan for områda.

Innanfor SB02, SB03 og SB04 kan først opp inntil tre bustadhus.

Innanfor SB05 kan det først opp eit bustadhus. Byggeplanar på tomte må godkjennast av kulturminnestyresmaktene slik at forholda til automatisk freda kulturminne kan avklarast. Frådeling av tomt må behandlast etter jordlova.

§12. 2 Område for spreidd næring

SN01 og SN02 er område avsett for spreidd næring. Alle nye tiltak skal tilpassast eksisterande bygningsmiljø når det gjeld materialbruk og fargeval. Det kan ikkje byggjast eller etablerast ny verksemd innanfor område SN01 og SN02 før det ligg føre godkjenning frå Vegvesenet om utvida avkøyrsele og ev. dispensasjon frå byggegrense.

Innanfor området SN01 kan det byggjast 2 utleiehytter knytt til turisme, på inntil 60 m² BRA per hytte. Dei skal vere ein del av eigeidom gnr. 187 bnr. 1 fnr. 877 og 878 og kan ikkje delast frå på sjølvstendig tomt. Det kan ikkje byggjast innanfor området før det ligg føre ei godkjenning etter seterforskrifta og Statskog.

Innanfor område SN02 kan eksisterande bygningar takast i bruk til servering og aktivitetspark. Det kan etablerast nye bygningar for utviding av eksisterande drift, men desse kan ikkje plasserast på dyrka mark. Ved utviding av drifta må det etablerast tilfredsstillande vatn- og avlaupsforhold. Stølen/setra kan ikkje skiljast frå hovudbruket.

Kap. 13 Bruk og vern av vatn og vassdrag med tilhøyrande strandsone (pbl § 11–11 nr. 3 og 5)

§13. 1 kantsone langs vassdrag

Langs breidda av vassdrag med årssikker vassføring, skal det haldast oppe eit naturleg vegetasjonsbelte på 10 meter som motverkar avrenning og som fungerer som levestad for planter og dyr, jf. vassressurslova § 11.

Minimum ei sone på 20 meter på kvar side av bekkar og elvar er potensielle fareområde, og skal som hovudregel ikkje nyttast til byggjeformål. På strekningar med lausmasseskråningar høgare enn 20 m bør breidda vere minst lik høgda.

Retningsliner for kantsoner langs vassdrag

- Kantsona langs vassdrag skal vere fri for ferdselshindringar og den nære strandsone, minimum 15 meter, og skal ikkje gjerdast inn.
- Private avvisarar som plen, sitteplassar og andre utlagde rekvisittar skal ikkje plasserast i den nære strandsone, da dette gjer det ubehageleg å passere.

§ 13. 2 Småbåthamn

Innanfor område avsett til småbåthamn er det tillate med bryggeanlegg, nødvendige molo, mudringstiltak og tømmeasjon for septik. Alle tiltak er søknadspliktig.

§ 13. 3 Friluftsområde

Innanfor område avsett til friluftsområde er det lov å mudre og tilføre sand så lenge det fremme friluftinteressene. Sanden skal vere fast å gå på i vatnet, og skal ha eit lågt innhald av svevepartiklar.

Det er tillate å etablere badebrygge, baderampe med universell utforming, fiskebrygge og vassklie, men alle tiltak er søknadspliktig etter plan- og bygningsloven.

Det er ikkje tillate med tiltak som er til hinder for ålmenta sitt friluftsliv, og det skal vere ope for fri ferdsel og fiske.

§ 13. 3.1 Nytt område for friluftsområde med krav om regulering.

VF01 Brustugu-strandline	<p>Området skal regulerast og det skal utarbeidast felles reguleringsplan med B01, B02, B/F/K01 og N04. Det kan leggjast til rette for å etablere badebryggje, baderampe med universell utforming, fiskebrygge og vassklie med vidare.</p> <p>Innanfor området er det lov å mudre og tilføre sand så lenge det fremme friluftssinteressene. Sanden skal vere fast å gå på i vatnet, og skal ha eit lågt innhald av svevepartiklar.</p> <p>Det er ikkje tillate med tiltak som er til hinder for ålmenta sitt friluftsliv, og det skal vere ope for fri ferdsel og fiske.</p>
--------------------------	--

§13. 4 VF02 Isbane på Vågåvatnet

Innanfor område VF02 kan det etablerast isbane på vinteren i perioden januar til og med mars månad. Isbanen kan nyttast til bilkøyning og landing med seglfly/motorfly. Det er ikkje krav om utarbeiding av reguleringsplan.

§13. 4 Verna vassdrag

Følgjande vassdrag i Vågå kommune er varig vera mot kraftutbygging:

- Sjoa elv med sidevassdrag
- Finna elv med sidevassdrag

Rikspolitiske retningslinjer gjeld for verna vassdrag

Retningslinene gjeld for:

- Vassdragsbeltet, dvs. hovudelv, sideelvar, større bekkar, sjøar og tjern og eit område på inntil 100 meter i breidde langs sidan av desse.
- Andre delar av nedbørsfeltet som det er fagleg dokumentert har verknad for vassdraget sin verneverdi.

DEL III: FØRESEGNAR TIL OMSYNSSONER

Kap. 14 Sikrings-, støy og faresoner (pbl § 11–8 a)

§ 14. 1 Omsynssone støy

Retningslinjer for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442, 2012), skal leggjast til grunn ved behandling av tiltak nær støykjelder. Det gjeld både planlegging av ny støyande verksemd og for arealbruk rundt eksisterande støyande verksemd.

Støyfølsame tiltak, som bustader og fritidsbustader, skal ikkje bli lokalisert innanfor raud støysone. Ved tiltak innanfor gul støysone skal det gjennomførast støyberekningar som synleggjer støynivå inne og ute ved fasadar og uteareal. Reguleringsplanen skal syne tiltak mot støy dersom grenseverdiane blir overskride.

§ 14. 2 Omsynssone aktsemdsområde flom, stein-, snø- og jord- og flomskred

Tematisk kartutsnitt: flomfare

Tematisk kartutsnitt: Steinsprang

Tematisk kartutsnitt: Snøskred

Tematisk kartutsnitt: Jord- og flomskred

Område som er utsett for flom, steinsprang, snøskred og jord- og flomskred er vist på tematiske kartutsnitt. Kartutsnittene viser område som ligg innanfor aktsemdsområde.

- All verksemd i område som er utsett for skred og flom skal ta omsyn til risikoen for skred/ras/flom. Skredutsette område går fram av tematisk kartutsnitt for risikosone for steinsprang, tematisk kartutsnitt for risikosone for snøskred og tematisk kartutsnitt for risikosone for jord- og flomskred. Utsette område for flom går fram av tematisk kartutsnitt for risikosone for flom.
- I alle byggeområde skal det før det blir gitt løyve til bygging ligge føre dokumentasjon for at det ikkje er fare for steinsprang, snøskred og jord- og flomskred.
- Kommunen kan krevje at det blir gjennomført grunnundersøking og kartlegging for å dokumentere skredfare eller flomfare.
- Nødvendig tryggleikstiltak mot skred og flom skal vere gjennomført før eit område kan byggjast ut.

§ 14. 3 Omsynssone reell flomfare

Tematisk kartutsnitt: Faresone flomutsette område for Vågåmo

- Flaumutsette område går fram av tematisk kartutsnitt som viser faresoner for Vågåmo.
- All verksemd i flom- og flomskredutsette område skal ta omsyn til risikoen for flom.
- Før det kan bli gitt byggjeløyve til bygging langs vassdraget, skal det dokumenterast at området ikkje er utsett for flom.
- Det generelle tryggleikskravet jamfør TEK 10 er tilfredsstillande tryggleik mot 200- års flom.
- Nødvendige tryggleikskrav mot flom skal vere gjennomført før området kan byggjast ut, jf. pbl § 11–9 nr. 4.

§14. 4 Omsynssone reell skredfare

Tematisk kartutsnitt: Faresone ras og skred

- Kartet viser område med reell fare for ras og skred.
- Innanfor område som viser faresone ras og skred kan det berre førast opp byggverk jamfør krav stilt i TEK 10.

§14. 5 Omsynssone for kraftline–høgspenningsanlegg

Dei store eksisterande kraftlinene er vist på plankartet, med reservert korridor på 100 meter for 300 og 132 kV (kilovolt).

Ved ny eller endring av eksisterande busetnad innanfor faresoner for kraftliner skal det leggjast fram ein måling av strålingsnivå. Det tillatast ikkje nye bustadhus dersom strålingsnivået overskrid 0,4 µT. Tilbygg til eksisterande bygningar skal så langt det er mogleg plasserast slik at det får minst mogleg strålingsnivå.

§ 14. 6 Sikringssone for nedslagsfelt for drikkevatt

Tematisk kartutsnitt: Omsynssone sikringssone drikkevatt.

Følgjande omsynssoner jf. pbl §11-8 bokstav a er vist i kommuneplanens arealdel:

- Sikringssone for nedslagsfelt for drikkevatt Tessand
- Sikringssone for nedslagsfelt for drikkevatt Vågåmo
- Sikringssone for nedslagsfelt for drikkevatt Stokstadåsen
- Sikringssone for nedslagsfelt for drikkevatt Brennsletten
- Sikringssone for nedslagsfelt for drikkevatt Lalm
- Sikringssone for nedslagsfelt for drikkevatt Sjørdalen
- Sikringssone for nedslagsfelt for drikkevatt Lemonsjøen/Randsverk

Retningsliner til sikringssone for nedslagsfelt for drikkevatt

Det er nytta følgjande soneinndeling:

- **Sone 0:** Brønnumrådet/overflatevasskjelde
- **Sone 1:** Denne sone omfattar det nære infiltrasjonsområdet til brønnane/innsjøen og angir ei ytre grense for 60-dagars opphaldstid i metta sone fram til brønnane.
- **Sone 2:** Det fjerne tilsig til området. Denne sone ligg utanfor 60-dagerssonen og er avgrensa som eit område frå der grunnvatnet permanent eller tidvis når fram til brønnane/innsjøen og kan påverke vasskvaliteten.

Ein restriksjon som gjeld for ein gitt sone, gjeld for alle soner innanfor den sonen, til dømes gjeld ein restriksjon for sone 2 også for sone 1.

Retningsliner for Tessanden, Vågåmo, Stokstadåsen, Brennsletten, Lalm, Sjørdalen vassverk

Sone 2

Generelt skal alle tiltak som kan medføre forureining godkjennast av Vågå kommune og Mattilsynet. Innanfor sone 2 er dyrka mark, eksisterande busetnad, campingplass, infiltrasjon av avløpsvatn, skogsdrift/vedhogst, friluftsliv/fiske potensielle forureiningskjelder.

1. Forbod mot masseuttak.
2. Det kan berre tillatast mindre utviding av eksisterande bustader.
3. Landbruksaktivitet er tillate i eit avgrensa omfang. Gjødsling må skje etter ordinær gjødselplan og husdyrgjødsel kan berre nyttast i veksttida. Bruk av plantevernmidlar skal vere i samsvar med godkjend plan. Beiting er tillate. Eksisterande stall eller fjøs kan ikkje utvidast, men skal sikrast mot utslepp av forureining. Husdyrgjødsel skal lagrast tett, slik at utlekking ikkje kan skje.
4. Det er forbod mot nedgravne tankar. Tankar for oljeproduktlagring inntil 0,2 m³ kan tillatast dersom dei står fritt og er tilstrekkeleg sikra.
5. Det er forbod mot energibrønnar.
6. Spillvassleidningar skal vere tette og i god stand. Pumpeleidningar for spillvatn skal trykktestast regelmessig. Sjølvfallsleidningar skal trykkprøvast når dei blir etablerte og seinare TV-inspisert regelmessig.

Sone 1

Gjødsling av dyrka mark kan vere ein potensiell kjelde til forureining innanfor denne sona.

Landbruksaktivitet er tillate i eit avgrensa omfang.

7. Forbod mot infiltrasjon av avløpsvatn i grunnen utover det som finnast i dag.
8. Det er forbod mot bruk av naturgjødsel. Forsiktig bruk av kunstgjødsel kan tillatast dersom det blir gjødsla etter godkjend gjødselplan.
9. Det er ikkje tillate å bruke plantevernmidlar.
10. Beiting kan tillatast i eit avgrensa omfang dersom det ikkje er fare for avrenning og forureining til brønnområdet. Må vurderast individuelt for kvar vasskjelde.
11. Det er ikkje tillate med stall eller fjøs innanfor sona.
12. Det kan berre tillatast mindre utviding av eksisterande bustader.
13. Det er forbod mot all lagring av olje og drivstoff.
14. Det er forbod mot energibrønnar.

Sone 0 (Brønnumrådet)

Denne sona dekkjer nærområdet rundt brønnane og skal beskytte dei tekniske installasjonane og sjølve brønnpunktet.

15. Berre vassverksrelaterte aktivitetar er tillatne i denne sona.

Retningslinjer for Lemonsjøen vassverk/Randsverk

Sone 2

1. Avfallsdeponi er ikkje lov
2. Større lager av olje, oljeprodukt og kjemikalier, meir enn 500 l, må sikrast for å hindre grunnvassforureining.
3. Bruk av flytande husdyrgjødsel skal skje etter forskrift om gjødselvarer og plantevernmidler nyttast i samsvar med etikett og bruksområde.

Sone 1

4. Lagring av oljeprodukt og andre forureiningsfarlege stoff må generelt avgrensast til berre helt nødvendig lagring. All lagring må skje over bakken med oppsamlingskar i tilfelle lekkasje. Lagring og deponering av avfall er ikkje lov.
5. Eksisterande sanitæranlegg skal sikrast mot lekkasje.
6. Bruk av flytande husdyrgjødsel skal skje etter forskrift om gjødselvarer og plantevernmidler nyttast i samsvar med etikett og bruksområde.
7. Nybygg og nydyrking vurderast på vanleg måte som byggesak, men det må takast omsyn til at det gjeld sikringszone 1.

Sone 0 (Overflatevasskjelde Lemonsjøen)

8. Eksisterande vegar sikrast slik at fare for forureinande uhell blir minimal. Dette gjeld spesielt fv. 51.
9. Bruk av biologisk nedbrytelege plantevernmidlar er lov, men nyttast i samsvar med etikett og bruksområde.

10. Lagring av drivstoff eller andre miljøfarlege stoff over 200 l er ikkje lov.
11. Midlertidige installasjonar jf. plb er ikkje lov.
12. For båt er maksimalt 10 hestar lov på motor. Kommunal forskrift om motorferdsel i Vågå gjeld.
13. Nybygg eller anlegg blir tillata dersom det gjeld tiltak som betrar hygiene og forureining. Tiltak vil behandlast som vanleg byggesak, men det skal takast omsyn til at det gjeld sikringszone 0.
14. Landing av sjøfly er ikkje lov. Kommunal forskrift om motorferdsel i Vågå kommune gjeld.

Kap. 15 Sone med særleg omsyn (pbl § 11-8 c)

§ 15.1 Område med særleg verdifullt landbruk

Tematisk kartutsnitt: Landbruk

Følgjande omsynssoner jf. pbl § 11-8 bokstav c er vist i kommuneplanens arealdel:

H510_01	Særleg verdifullt landbruk, Randsverk
H510_02	Særleg verdifullt landbruk Bringen, Bøneslia, Moasetrin og Lemonsjøen
H510_03	Særleg verdifullt landbruk Russlia

Retningslinjer for særleg verdifullt landbruk Randsverk

Omsynssone ligg på nordsida av fv. 51 og Fugelsetervegen, og grenser i aust til Blessomkalvkveen. Området har særskilde kvalitetar når det gjeld kvilingssetrer, naturbeitemark og gammalt setermiljø. Innanfor sona skal det særskilde grunner til for å kunne gjennomføre tiltak som ikkje direkte rettar seg til utøving av tradisjonelle jordbruksinteresser. Tilleggsnæring tilpassa garden sitt ressursgrunnlag kan godkjennast.

Retningslinjer for særleg verdifullt landbruk Bringen, Bøneslia, Moasetrin og Lemonsjøen

Omsynssone viser området som har store landbruksinteresser knytt til seterdrift, dyrkingsparsellar, beitebruk og skogsdrift. Området har mange lokalitetar av biologisk verdifulle areal knytt til beitebruk og skogbruk. Innanfor sona skal det særskilde grunner til for å kunne gjennomføre tiltak som ikkje direkte rettar seg til utøving av tradisjonelle jordbruksinteresser. Tilleggsnæring tilpassa garden sitt ressursgrunnlag kan godkjennast.

Retningslinjer for særleg verdifullt landbruk Russlia

Omsynssone viser gammalt setermiljø med tre store setertun der det også var vintersetering. Området har store interesser knytt til seterdrift og beitebruk. Området har fleire lokalitetar av biologisk verdifulle areal knytt til beitebruk. Innanfor sona skal det særskilde grunner til for å kunne gjennomføre tiltak som ikkje direkte rettar seg til utøving av tradisjonelle jordbruksinteresser. Tilleggsnæring tilpassa garden sitt ressursgrunnlag kan godkjennast.

§ 15. 2 Område med særleg viktig naturmiljø

Følgjande omsynssoner jf. pbl § 11–8 bokstav c er vist i kommuneplanens arealdel:

H560_01–H560_75	Særleg verdifullt naturmiljø, utvalde naturtypar, prioritert artar mv.
H560_68	Særleg verdifullt naturmiljø, område for vinterelg
H550_01–H550_02	Særleg verdifullt landskap, eskere

Retningsline for verdifullt naturmiljø, utvalde naturtypar og prioriterte artar

Omsynssoner viser område der det er registrert nasjonalt viktige naturtypar, prioriterte artar mv. Innanfor omsynssonene er det ikkje tillate å setje i verk tiltak som kan øydelegge, forstyrre eller vesentleg redusere kvaliteten av naturtypar og prioriterte artar.

Retningsline for verdifullt naturmiljø, område for vinterelg

Omsynssone viser areal som er nytta av trekkelegen på vinteren. Det skal takast omsyn til trekkelegen ved søknad om tiltak innanfor området. Det gjeld spesielt tiltak som inneber auka ferdsel i utmark.

Retningsline for verdifullt landskap, eskere

Omsynssoner viser område der det er registrert velforma eskere. Innanfor omsynssonene er det ikkje tillate å setje i verk tiltak som kan øydelegge eller skade den kvaliteten som er registrert innanfor området.

§ 15. 3 Område med særleg verdifullt kulturlandskap

Tematisk kartutsnitt kulturlandskap

Følgjande omsynssoner jf. pbl § 11–8 bokstav c er vist i kommuneplanens arealdel:

H570_01	Heilhetleg kulturlandskap Nordherad
H570_109	Kulturlandskap Sandbu
H570_110	Kulturlandskap Haugøy, Øy, Gardsøy, Sve, Øygardene
H570_111	Kulturlandskap Blessom
H570_02	Forsthytta Randsverk med do og uthus
H570_105	Steinmur i sentrum av Vågåmo
H570_106	Rydningrøyser i sentrum av Vågåmo
H570_104	Finna
H570_90–H570_103	Bergverksemd Bårstad- Tolstadåsen – Sagflaten
H570_03 – 570_23	Freda lokalitetar/gardstun/verneverdige bygningar
H570_30 – 570_89	Freda lokalitetar/gardstun/verneverdige bygningar
H570_107 – H570_108	Freda lokalitetar/gardstun/verneverdige bygningar

Retningsliner for heilhetleg kulturlandskap Nordherad

Det verdifulle kulturlandskapet skal forvaltast slik at kulturminne og naturmiljø, biologisk verdifulle miljø, jordbruksareal, tilgjenge og den visuelle opplevinga av landskapet vert halde oppe som

grunnlag for landbruk, kunnskap, oppleving, verdiskaping, rekreasjon og friluftsliv. Det skal haldast oppe eit aktivt og variert jordbruk med beitande husdyr.

Søknader om tiltak som vil kunne få konsekvensar for kulturlandskap skal sendast til uttale til regionale styresmakter eller statleg sektorstyresmakt som kan bli råka. Konsekvensane av varige, fysiske inngrep skal synleggjerast. Kva for dokumentasjon som skal ligge ved søknaden vil variere avhengig av type sak og skal avklarast med kommunen. Innanfor det verdifulle kulturlandskapet skal det førast ein streng dispensasjonspraksis. Alle vedtak om dispensasjon skal sendast til råka regionale eller statleg plan- og sektorstyresmakt, som vil kunne vurdere å klage på vedtaket.

Gamle ferdselsvegar skal varetakast i størst mogleg grad slik som dei ligg i dag med lineføring, kurvatur, bredde og kantvegetasjon. Der det av omsyn til trafikktryggleik eller farbarheit må gjennomførast tiltak, bør desse gjerast så skånsamt som mogleg. Gamle gutuer og stiger bør ryddast og tilretteleggjast for ferdsel. Ved planlegging av vegar og anlegg for teletenester og energioverføring skal det stillast krav til estetisk kvalitet og utforming.

For område som er markert med omsynssone skal alle tiltak planleggjast og vurderast ut frå eit generelt omsyn til dei registrerte verdiane i området før det kan avgjerast om omsøkt tiltak kan gjennomførast, og kva vilkår som evt skal styre lokalisering og utforming.

Det skal leggjast særleg vekt på kulturlandskapsomsyn ved behandling av saker etter jordlova og tilhøyrande føresegner. Dette gjeld også ved vurdering av om inngrep vil forringe kulturlandskapet skal førhandsgodkjennast jf. miljøkrav i føresegn om produksjonstilskot.

Retningsliner for kulturlandskap Sandbu, Haugøy, Øy, Gardøy, Sve, Øygardene og Blessom

Omsynssonen viser freda bygningsmiljø og ev. tiltak må vareta omsynet til dette bygningsmiljøet. Planar for tiltak skal sendast over til kommunen og fylkeskommunen for uttale.

Retningsliner for steinmur og rydningsrøyser i sentrum av Vågåmo

Omsynssone viser område som har viktige steingjerde og rydningsrøyser som ein del av kulturlandskapet. Planar for tiltak skal sendast over til kommunen og fylkeskommunen for uttale.

Retningsliner for Finna

Omsynssone viser eit samanhengande flomverk og elva som er erosjonssikra med tersklar. Dette er eit omfattande arbeid som har lang historie og mykje av murarbeidet er utført for hand og med hest som transportmedel. Tiltak innanfor området må i så stor grad som mogleg ta omsyn til anlegget som kulturminne.

Retningslinjer for Forsthytte Randsverk med do og uthus

Bygningen vurderast som verneverdige kulturminne i forslag til verneplan for statleg eigedom. Planar for endringar skal vareta omsynet til bygningsmiljø og sendast til kommunen og fylkeskommunen for uttale.

Retningslinjer for Bergverksemd Bårstad-Tolstadåsen-Saflaten

Eit større samanhengande kulturmiljø med viktige kulturminne knytt til industri og arbeidshistorie. Tiltak innanfor området må avklarast med kommunen, Norsk Bergverksmuseum og fylkeskommunen.

Retningslinjer for freda lokalitetar/gardstun/verneverdige bygningar

Omsynssonen viser freda bygningsmiljø og ev. tiltak må vareta omsynet til dette bygningsmiljøet. Planar for tiltak skal sendast over til kommunen og fylkeskommunen for uttale.

Retningslinjer for Likvegen

Likvegen”, eit gammalt vegfår med regional verneverdi. Opplevingssverda av vegen og kulturmiljøet omkring den skal bevarast så langt det lar seg gjere. Vegen og området langs med den skal så langt som mogleg haldast oppe med dagens lineføring og kurvatur. Tiltak innanfor omsynssona skal leggest fram for Oppland fylkeskommune for godkjenning.»

Kap. 16 Sone for bandlegging (pbl § 11-8 d)

§ 16.1 Sone som er bandlagt etter lov om kulturminne

Tematisk kartutsnitt kulturminne

Innanfor bandlagde område er det ikkje tillate å setje i verk tiltak som er i strid med bandleggingsformålet. I plankartet er det vist bandleggingszone for område som er verna etter kulturminneloven:

H730_01–H730_275	Automatisk freda lokalitetar med sikringssone
H730_277–H730_342	Vedtaksfreda lokalitetar
H730_343	Vågå kyrkje
H730_344–H730_356	Freda bygningar Sandbu gard
H730_357–H730_365	Freda bygningar Håkenstad gard
H730_366 H730_373	Freda bygningar Storvik midtre gard
H730_374	Freda bygning ved Otta elv
H730_375–H730_379	Freda bygningar Kvarberg gard

Søknad om tiltak i område som er freda, jf. vedtak etter lov om kulturminne skal føreleggjast Oppland fylkeskommune, fageining for kulturvern.

Kyrkjegarden frå mellomalder er eit automatisk freda kulturminne. Alle inngrep i grunnen eller andre tiltak som kan verke inn på det automatisk freda kulturminnet innanfor omsynssone H730 er ikkje

tillate etter dispensasjon frå kulturminnelova. Det er ikkje lov å sette i gong tiltak som er eigna til å skade, øydelegge, grave ut, flytte, forandre, dekke til, skjule eller på annan måte utilbørlig skjemme det automatisk freda kulturminnet eller framkalle fare for at dette kan skje.

§ 16.2 Sone som er bandlagt etter lov om naturvern

Tematisk kartutsnitt naturvern

Innanfor bandlagde område er det ikkje tillate å setje i verk tiltak som er i strid med bandleggingsformålet. Område som er freda etter naturvernloven eller kongeleg resolusjon er markert på plankartet. Eigne fredingsforskrifter gjeld for desse område:

H720_1	Jotunheimen nasjonalpark NP
H720_02	Reinheimen nasjonalpark NP
H720_03	Finndalen LVO
H720_04	Ottadalen LVO
H720_05	Stuttgonglie NR
H720_06	Bakelie NR
H720_07	Ridderspranget NR
H720_08	Blessumkalvkveen naturreservat
H720_09	Sandehorten naturreservat
H720_10	Vistehorten naturreservat
H720_11	Veogjeldet-Hindsæterkampen NR

Søknad om tiltak i randsonen inntil område som er verna, jf. vedtak gjort etter naturvernlova/naturmangfaldlova, skal føreleggjast Fylkesmannen.

§16.3 Sone som er bandlagt for regulering etter plan- og bygningsloven

Sone viser område der det må utarbeidast reguleringsplan med konsekvensutgreiing før arealet kan byggast ut.

H710_01	Nord-Gudbrandsdal Lufthavn
H710_02	Brustugu
H710_03	Kortbane flystripe Grov

Kap. 17 Sone der gjeldande reguleringsplanar framleis skal gjelde (pbl § 11-8 f)

§ 17.1 Sone der gjeldande reguleringsplan framleis skal gjelde

Sone viser kva for reguleringsplanar som framleis skal gjelde:

Plan-ID	Namn på reguleringsplan	Vedtaksår	Kode i plankartet
1967002	Lyen skog	1967	H910_1967002
1977001	Sveaholen	1977	H910_1977001
1979001	Langskåre	1979	H910_1979001
1990001	Lemonsjøen fjellstue og hyttegrend	1990	H910_1990001

1992002	Storsteinrusten	1992	H910_1992002
1992003	Sallivangen	1992	H910_1992003
1995001	Kleberbrudd ved Nysæter	1995	H910_1995001
2000001	Tessanden	2004	H910_2000001
2001002	Otta	2001	H910_2001002
2001004	Storvengen Fugelhø	2004	H910_2001004
2001008	Vågåmo transformatorstasjon	2001	H910_2001008
2002001	Brennsletten	2002	H910_2002001
2002003	Jotunheimen caravan camp - Heimsand	2017	H910_2002003
2002004	Hindvangen	2002	H910_2002004
2002005	Krokum bustadfelt	2002	H910_2002005
2002006	Leomonsjøen hyttefelt	2002	H910_2002006
2002007	Nedre Tollhaugen	2002	H910_2002007
2002008	Hytteområde B6	2002	H910_2002008
2002010	Uksfossen hytteområde	2002	H910_2002010
2002011	Fv. 438 Vassbakken – Rusten	2002	H910_2002011
2003001	Bankbrenna	2003	H910_2003001
2003003	Randsverk bustadfelt	2003	H910_2003003
2004002	Lemonsjøen fjellpark	2004	H910_2004002
2004005	Infiltrasjonsanlegg og massetak i Randsverk	2004	H910_2004005
2005001	Masseuttak Sørlie	2005	H910_2005001
2005002	Allerstølen	2005	H910_2005002
2006003	Rv. 15, Sørrem–Sundbrua endring I og II	2006	H910_2006003
2006004	Fv. 438 Rusten- Grøna	2006	H910_2006004
2007001	Bjønnskardet	2015	H910_2007001
2008001	Hindsæter	2008	H910_2008001
2008003	Gnr. 4 bnr. 80	2008	H910_2008003
2009002	Bessheim	2009	H910_2009002
2009003	Krokum 2	2010	H910_2009003
2009004	Kvarbergåsen bustadfelt	2012	H910_2009004
2009006	Skuleområdet	2010	H910_2009006
2009007	Mølla	2010	H910_2009007
2010001	Gjendeosen–Reinsvang	2012	H910_2010001
2010002	Gardsøy	2010	H910_2010002
2010003	Rv. 15 Miljøgate Lalm	2011	H910_2010003
2010004	Berget	2011	H910_2010004
2010005	Randen bustadgruppe	2012	H910_2010005
2010006	Randen–kryss Rv. 15	2013	H910_2010006
2010007	Vianvang-Krostjønne	2011	H910_2010007
2010009	Blessumvollen bustadfelt og Vågåmo trafostasjon	2012	H910_2010009
2010011	Vågå Hotell–Ysteriet	2013	H910_2010011
2010012	Gardsøy høgdebasseng	2012	H910_2010012
2010013	Riksveg 15-gang-/sykkelveg Lalm nord	2012	H910_2010013
2011001	Vågå helsesenter	2012	H910_2011001
2011002	Veomoen masseuttak	2012	H910_2011002
2012002	Svarttjønn	2013	H910_2012002
2013001	Krambua	2015	H910_2013001
2013002	Sjodalen fjellgrend	2015	H910_2013002
2013003	Smedsmo	2014	H910_2013003
2013004	Masseuttak Åstad	2014	H910_2013004

2014001	Fv. 454 Utbedringer Øvre Nordheradsveg	2015	H910_2014001
2014002	Tolstadmoen masseuttak	2014	H910_2014002
2014003	Jotunheimen caravan camp Postfuru	2017	H910_2014003
2014004	Fylkesveg 453 GS Skogbygdsvegen	2017	H910_2014004
2015003	Stutarhaugen	2016	H910_2015003
2015002	Rv. 15 Tessand holdeplass	2017	H910_2015002
2015004	Rv. 15 Rudilykkja–Nørdre Snerle	2015	H910_2015004
2015005	Rv. 15 Nørdre Snerle–Storsvingen	2016	H910_2015005